



Uteungdommar

Er du mellom 10 og 16 år og glad i å vere ute?

Har du lyst å vere med på ei opplevingsrik helg i Jostedalen under Norsk Brefestival **11-12 juni 2016**?

Laurdag 11. juni:

10.00 Skitur til Hytta på Mannen



Med ski på beina går vi til Hytta på Mannen eller eit anna eigna turmål. Vi skal finne god sumarsnø og ha det moro på ski, med utsikt til breane og fjellheimen. Turen passar for skiglade ungdommar, og turleiar Even Loe er godt kjend i fjellet!

Etter tur: *Sandvolleyball, buldring, bading, fotball, slakkline*. God mat, bål og leik!

Sundag 12. juni

11.00 Brevandring og isklatring på Nigardsbreen

Med breførar Karoline Piro i spissen, legg vi i veg mot Nigardsbreen, ein flott brearm frå Jostedalsbreen, der vi utforskar isen og leikar oss i ei spanande verd! Turen passar om du har vore på bre før, eller aldri har prøvd stegjern tidlegare!



Oppmøte og overnatting: Jostedal Samfunnshus - ta med sovepose og liggjeunderlag

Pris: 700 kr per person (inkl. turar, mat, breutstyr)

Meld deg og få meir info: 47414157 eller martemeland@yahoo.no innan **4 juni**.

Velkomne til ei aktiv helg i Jostedalen!